



5 frå det nye styret var på plass: Øystein Skjæveland, Kristian Olav Bringedal, Gaute Lund, Lars Børge Sæberg og Morten Nygård (vara)

Ikveld er det halde skipingsmøte for det nye Kvinnherad mållag som Husnes mållag og gamle Kvinnherad mållag går inn i. Det nye laget får frå starten rundt 110 medlemmer og Kristian Olav Bringedal er leiar og Øystein Skjæveland skrivar. Dei var leiarar i dei tidlegare laga. Ellers i styret er Lars Børge Sæberg kasserar, Ann Helen Collins studieleiar, Gaute Lund og Arne Sunde styremedlemer og Morten Nygård fyrste varamann.



Desse var på skipingsmøtet.

Det nye laget er grundig førebudd av ei arbeidsgruppe etterat spørsmålet vart drøfta i båe dei to siste årsmøta i laga. Også arbeidsprogrammet er klårt og vart vedteke under skipingsmøtet i Gamleskulen. I det heiter det at

føremålet er å fremja nynorsken på alle område og det vil skje gjennom desse tiltaka:

- * **Påskjøna nynorskbrukarar gjennom å gje ut målblom eller målpris**
- * **Premiera skulestilar på nynorsk**
- * **Arbeide for å spreia nynorske songar og bøker, særleg til barnehagar og skular.**
- * **Stø opp under lokal kulturarv.**
- * **Verve medlemer**
- * **Arbeida for god spåkbruk hjå lokalt næringsliv, offentlege etatar og organisasjonar.**
- * **Stø opp om andre tiltak som samsvarar med mållaget sitt arbeid.**

I føremålsparagrafen heiter det at laget skal samla målfolk i kommunen til aktivt arbeid på alle samfunnsområde, at det skal auka kunnskapem om ogvyrdnaden for målfoma nynorsk og dialektane og styrkja grunnlaget for levande bygder og den folkelege bygdekulturen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen